



Singing Tweens og Rosendal Barnekor i frisk samsong på Bedehuset.

**Barnekora i Uskedalen og Rosendal var samla i Uskedal Bedehus onsdag kveld til førjulskonert i regi av Uskedal Sundagsskule og Singing Tweens. Om ikkje talet medlemmer er så høgt, så er songen desto betre. Frimodige barnerøyster med friske songar kan vera det beste vi høyrer av det som vert presentert av korsong i førjulstida. Begge kora har dyktige leiarar og kantor Eva Megyesi står for tonefylgje.**

Born, foreldre og besteforeldre kom til Bedehuset for å høyra noko av det som er innøvd i hausthalvåret. Målet med samlinga er venskap, glede og samsong. Mange av songane er henta frå hefte Livsglede 3, Soul Children. Det er songar som ofte vert brukte på gudstenester for born og unge.



[Singing Tweens under leiing av Nelly Kjærland og Eva Megyesi.](#)

Neste samling er 15. februar i Kvinnherad kyrkje med Bjarte Leithaug. Leithaug har lang røynsle med barnekor. Han har vore i Kvinnherad mange gonger før med seminar og konsertar.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal